



Rita Waagenæs
Mongstadvegen 497
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3676 - 19/32361

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2019

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 116/4 Lauvås

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 30.10.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

«PM - behandling:

Utvalet var på synfaring 29.10.2019.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel for frådelling av ny grunneigedom med eksisterande bustadhus.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-3, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom med eksisterande bustadhus på om lag 2691 m² frå gbnr. 116/4 på følgjande vilkår:

· Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan/kart datert 10.09.2019, jf. pbl. § 29-4.

· Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Bortfall av løyve

Dispensasjon og løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.»



Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til oppretting av grunneigedom med eksisterande bustadhus - gbnr 116/4 Lauvås
Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 116/4 Lauvås (original PDF)
Søknad om utskilling av tomt fra landbrukseiendom 1164
Søknad
Skisse over parsell som ønskes utskilt
Kart over eigedomen
Eigedomsinformasjon
Gårdskart
Nabovarsel
Info. Mongstadvegen 497
Utsnitt frå reguleringsplan
Tilleggsopplysning - 116/4 Lauvås
Utskilling fra 116-4
Svarbrev ang. fradeling

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Mottakarar:

Rita Waagenæs Mongstadvegen 5955 LINDÅS
497